



STORD  
KOMMUNE



Hordaland fylkeskommune v/ Fylkeskonservatoren  
PB7900

5003 BERGEN

Vår dato: 10.02.2017  
Vår ref: 2016/75 - 3632/2017 / 025  
Dykkar ref:

## Søknad om tilskot frå Riksantikvaren til å revidere plan for kulturminne og kulturmiljø.

Me søker om kr 100 000 i tilskot frå Riksantikvaren til arbeide med å revidere Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø, samt bygningsvernplanen.

Stord kommune vedtok første bygningsvernplan i 1991. Revidert og utvida utgåve vart vedteke i Kommunestyret 15.04.2009 i lag med Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø. Begge planane er forelda, og det er trong for revidering og oppdatering.

I møte 2010 vedtok Stord kommunestyre «Planstrategi for Stord kommune 2016 -2020» der plan for kulturminne og kulturmiljø, samt plan for bygningsvern låg inne med forslag til revidering.

Det er løyvd kr 100 000 over kommunen sitt budsjett og Hordaland fylkeskommune har løyvd kr 100 000 i tilskott. I tillegg søker me Riksantikvaren om kr 100 000,-.

Til disposisjon i 2017 dersom Riksantikvaren løyver midlar er kr 300 000,-.

Kostnadene vil verta høgare slik at kommunen lyt løyve midlar også i 2018. Antatt sum er kr 150 000,-.

Pr i dag er det ikkje teke stilling til korleis arbeidet skal administrerast og organiserast, men sentral leiing skal ta spørsmålet opp i leiarmøte. I møtet skal det leggjast fram føljande forslag til organisering av arbeidet:

*Ny plan for kulturminne og kulturmiljø bør også innlemme bygningsvernplanen.*

*Planprosessen lyt vere mest mogleg open og inkludera ibuarane.*

**Organisering:**  
*Formannskapet er styringsgruppe for kulturminneplanen.*

Framlegg til prosjektorganisering:

*Prosjektansvarleg; Rådmann Magnus Mjør*

*Prosjektleiar: Leiar for Kulturtenester: Herdis Elin Belsvik*

*Prosjektgruppe: Kulturkonsulent, representant frå RBO, 1-2 representantar frå Sunnhordland museum, bygningsvernkonsulent, 1 representant frå Stord sogelag.*

Referansegruppe og samarbeidspartnarar:  
Hordaland fylkeskommune,  
Frivillige – andre samarbeidspartnarar.

#### Gjennomføring

*Sjølve skrivearbeidet bør utførast av ein som har kompetanse innan fagområde og interesse for fagfeltet. Administrativ leiing bør vurdere om det finst personar med naudsynt kompetanse som har høve til å utføre arbeidet innan organisasjonen, eller om ein skal hyre inn konsulentteneste utanfor kommunen.*

*Alternativt er å lyse ut etter konsulent i 50% stilling i ei avgrensa periode.*

#### Planprogram

*Planen skal omhandle viktige kulturminne, kulturmiljø, einskilde kulturminneobjekt, bygningar/bygningsmiljø opp mot notid, landbruk, industri, samferdsel og immateriell kulturarv spesifikk for Stord. Planen lyt også inneha ein handlingsdel med konkrete forslag som kan trygge ivaretaking av kulturminne og kulturmiljø for framtida.*

*Prosjektgruppa skal samlast om eit planprogram der dei fastsett mål for planarbeidet, definerer planens innhald og omfang. Det bør komme tydleg fram korleis prosjektgruppa vil engasjera til medverknad, og planen skal inneha ein tidsplan for gjennomføring.*

*Planprogrammet skal leggjast fram for politisk godkjenning.*

#### Tidsramme

*Mars 2017: Avklare kven som skal vera konsulent/skrivar for prosjektet.*

*April 2017: Fyrste møte i prosjektgruppa*

*Juni 2017: Planprogrammet er politisk godkjent*

*Ferdigstilling: 2018*

På vegne av Stord kommune ber me om tilskott til planarbeidet.

Med helsing

Guri Andresen Aksnes  
kultukonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Elisabeth Warren